



Til:
Vestland Fylkeskommune

Førde og Bergen, 16.09.2024

Dette brevet er sendt på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Bergen og Hordaland Turlag (DNT), BirdLife Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Fjordane Friluftsråd og BirdLife Sogn og Fjordane.

Fråsegn til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, regional planstrategi. Vestland Fylkeskommune

Frå: Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland og Sogn og Fjordane

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjer i fylket.

Me i Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) ønskjer å takka for moglegheita til å komme med våre innspel og ønsker for utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune. Det er store samfunnsutfordringar som skal løysast og endringar som må til, skal me saman komme i mål. Her kan frivillige organisasjonar vere ein brikke i løysinga. Frivillig arbeid omfamnar breidt og er eit viktig bidrag i å utjamne konsekvensane av auka økonomiske og sosiale ulikheiter i samfunnet.

Planprosessen har vore bra; me har fått vore med på informasjonsmøter og fått gode svar på e-postar som me har sendt til prosjektlear.

Samstundes som ein er klar over at fleire tiltak som skal bøte på klima- og naturkrisa er viktige, kan dei også slå skeivt ut og påverke sårbare grupper i samfunnet negativt. Økonomiske og sosiale ulikheitene aukar i fylket vårt; dette er med på å skape utfordringar når det kjem til utanforskap, fysiske- og psykiske helseproblem, moglegheiter for å kunne delta på likt grunnlag i forskjellige aktivitetar og mykje meir. Dette er problem som famnar over mange planar og strategiar, og det blir nyttig med planar som i større grad skal legge opp til samarbeid på tvers av sektorar og fagområde. Dette er viktig, og arbeidet som blir gjort i frivillig sektor blir stadig viktigare, derfor er det viktig å



kople desse på i arbeidet med ulike planar og strategiar. Her kan me i FNF Hordaland og FNF Sogn og Fjordane bidra på vegne av dei som sit i samarbeidsforuma.

De har i planforslaget og i samtalar løfta opp dei viktigaste utfordringane, men me kjem på slutten av dette skrivet med nokre ønsker til nye planar som kan hjelpe til med å få realisert måla om å løyse desse utfordringane.

FNF ser positivt på at det er auka merksemd mot natur- og klimautfordringane, og me vil bidra med innspel som kan betre evna til å prioritera og handtera desse utfordringane. Under satsingsområdet «Klima og Natur» er hovudmålet at «klima og naturmangfald skal vera grunnpremiss for samfunnsutviklinga». Dette er ein viktig ambisjon, som me verkeleg håper Vestland vil klara. For å lukkast, meiner FNF at Vestland fylkeskommune må presisera dette målet og operasjonalisera det ved å formulera kva det i praksis vil seia å ha klima og natur som premiss.

Her vil me trekkja fram følgjande eksempel på formulering (s.19 i planutkastet) som syner at klima og naturomsynet vert for lite forpliktande: «Gjenbruk eller omskaping av nedbygd areal ved etablering av vindparker, batterifabrikkar eller anna, ny arealkrevjande industri, skal prioriterast framfor lokalisering på ubygd areal.» Dette opnar i praksis for ei vidare dramatisk nedbygging av naturen så lenge ein har prioritert å bruka grå areal først. Dersom naturmangfaldet er ein grunnpremiss burde ein skriva: «Gjenbruk eller omskaping av nedbygd areal ved etablering av vindparker, batterifabrikkar eller anna, ny arealkrevjande industri, er hovudregel for næringsutvikling. Berre unntaksvis skal dette lokaliserast på ubygd areal, og då med kompensierende restaurering av anna natur.»

Det skal i denne planperioden utarbeidast to større viktige planar:

- **Regional plan for areal og mobilitet.**
- **Regional plan for verdiskaping og kompetanse.**

Begge disse skal heilt eller delvis erstatte andre planer, og me ønsker tidleg å komme med innspel til desse på tema som omhandlar eller påverkar natur, friluftsliv eller frivilligheita eller der desse tema kan bidra positivt.

Innspel til regional plan for areal og mobilitet

FNF i Vestland kan sikra ei reel opfølging av ambisjonane om vern av naturmangfald i planverket dersom regional plan for areal og mobilitet, gjennom føresegner eller retningslinjer, set nokre absolutte grenser for kva natur som kan byggast ned. Regional plan for areal og mobilitet bør difor ha ein ambisjon om å definere natur- og friluftslivsområde som bør vere “no go-område” for kommunane. Dette bør både vere naturtypar som myr, regionalt eller nasjonalt viktige friluftslivsområde, leveområde for ansvarsartar, trua artar, raudlista naturtypar, INON-område,

særleg artsrike område, m.m. Slike grenser er heilt naudsynste, då det vil løfta blikket og bremse den mest skadelege bit-for-bit-nedbygginga med størst klimagassutslepp og naturtap.

Innspel – ny strategi

Å verte «eit energi- og arealeffektivt lågutsleppssamfunn» er ein føresetnad for arbeidet regional plan for areal og mobilitet. Hundre prosent berekraftig forvaltning av areala våre er ein føresetnad for å oppfylle naturavtalen, og under dette må ein vektlegge både naturmangfaldet i seg sjølv, og velferda som naturen gjev lokalsamfunna i heile Noreg. Me på Vestlandet har i ei årrekke kjend konsekvensane av ei manglande prioritering av naturen – der vekst i materiell velstand har fått gå føre omsynet til natur. Dette har ført med seg tap av artar og naturtypar, og tap av naturområde og landskap som gjev velferd gjennom helse og identitet.

Tida er no inne for at me må setje det naturgjevne livsgrunnlaget som den overordna premissen for all samfunnsutvikling, særleg for økonomien. Om ein ikkje maktar å legge denne enkle, men tunge prioriteringa til grunn, trur ikkje FNF me vil lukkast i å nå klima- og naturmåla.

Det viktigaste grepet Vestland kan gjere for å nå natur- og klimamåla er å iverksetja følgande tilråding frå klimautvalet:

Utvalgets utgangspunkt er at all økonomisk aktivitet må skje innanfor planetens tålegrenser (...), og at all politikk må ha dette som utgangspunkt. Utvalget anbefaler derfor at: "politikken vektlegger velferd mer enn materiell velstand [...]"^[1]

I den samanheng meiner FNF at Vestland må leggja til ein ny strategi i utviklingsplanen som sikrar at natur og klima vert den fundamentale prioriteringa. Ny strategi 11 kan formulerast slik: *I Vestland skal all økonomisk aktivitet skje innanfor planetens tålegrenser, og vi skal utvikle styringsvervøy som vektlegg velferd meir enn materiell velstand.*

^[1] NOU 2023:25, s 186.

Temaplanar og strategiar som skal revideres denne perioden.

Me kjem til å komme med innspel til planar der våre interesseområde kjem inn, dette gjeld spesielt:

- **«Temaplan for reiseliv i Vestland»**, sidan reiseliv påverkar natur og klima i stor grad. Her blir det viktigare enn nokon gang å legge opp til eit reiseliv som er berekraftig og ikkje forringer naturen meir enn nødvendig.
- **«Frivillighetsstrategi for Vestland»**. Mange kommunar får meir og meir augene opp for verdien frivilligheita har for samfunnet, og lagar eigne planar for dette lokalt. I dette arbeidet er det viktig å ha gode føringar for korleis dette kan gjerast regionalt. Det er og viktig å sjå på korleis støtteordningar for frivillige organisasjonar fungerer; her ønsker vi gjerne å komme med innspel. Vi veit av erfaring at frivillighet avlar frivillighet, det er derfor viktig at ein

støttar godt opp om dette slik at ein også kan nyte samfunnsverdiane som frivilligheita gir også i framtida. Frivilligheit skapar engasjement også utanfor sjølve aktiviteten, mange frivillige ønsker å sikre naturgrunnlaget som legg forutsetningane for aktiviteten deira. Korleis frivillige blir møtt i forskjellige saker, i form av innspelsmøter, høyringsrundar, møter med utbyggjarar mm., er viktig å ha eit bevist forhold til viss ein skal sikre demokratiske prosessar der alle føler at dei kan seie kva dei tenker – utan å føle at det er ei belastning i ei eller anna form.

Denne strategien blir altså viktigare enn nokon gong!

- **«Regional plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland»**
Mange av organisasjonane som me representerer arbeider jamt med dette temaet: her kjem støttefunksjonar inn som eit viktig element viss dei frivillige skal kunne gjera det dei gjer best, nemleg å skapa aktivitet og engasjement.

Etterkvart vil også arbeidet med «*Strategi for aktivitet og for inkludering, mangfald for deltaking i kultur*» settast i gang. I dette arbeidet spelar allereie frivilligheita ei viktig rolle, og kan her med god støtte gi fleire anledning til å delta på aktivitetar der det er låg terskel for å bli med.

Ønskjer om planar

Regional plan for næringsområder

Det er mange fordeler med å samlokalisere og sjå på kva lokalitetar som skal nyttast til næringsområde på eit regionalt plan. Positive synergieffektar og sjansen for å minimere naturtap er større om det kjem regionale føringar på dette.

Denne kan komme allereie som en del av “Regional plan for areal og mobilitet” og “Regional plan for verdiskaping og kompetanse”, der næringsareal allereie er eit av planspørsmåla som skal utgreiast. Korleis dette blir løyst kan vurderast, men det er et ønskje om at dette teamet i større grad skal planleggast og vurderast på eit regionalt eller nasjonalt plan.

Temastrategi for biologisk mangfald

Vestland Fylkeskommune er eit fylke med variert natur, der deler av denne naturen og verdiane i naturen er under press, grunna at den stadig blir forringa. I dag veit me at tap av naturmangfald er den største miljøutfordringa me står ovanfor, saman med klimaendringane. Denne tematikken dekker de godt i planforslaget og med denne temastrategien kan hjelpe til med å møte målsetningane for naturmangfald som er satt i utviklingsplanen.

Vi er gjerne med på å utforme måla med ein slik strategi.

Vegen vidare.

Mykje av natur- og klimakrisa er sterkt knytt til overforbruk og arealendringar. Det har blitt gjort mykje arbeid, men det er framleis mykje som må på plass for å nå måla for klimagassutslepp og for bevaring av naturmangfaldet.

Ordet «reducere» er nemnt seks gongar i planforslaget, blant anna i tilknytning til miljøbelastning, klimautslepp, energibehov, transport. Dette er veldig bra, men me ønsker og at reduksjon i forbruk i andre meir handgripelege former skal nemnast. Dette fordi at sjølv om store ord og mål er bra og rett i denne samanheng, så blir det ofte lett ein annan sitt ansvar.

Effektivisering, ressursutnytting og sirkulære materialstraumar som er nemnt mange gongar i planforslaget er viktig, men ikkje tilstrekkeleg, skal ein nå måla. Det er viktig å anerkjenne at forbruket må ned sjølv om dette går på bekostning av noko.

Nye planar og føringar må følgast opp på ein slik måte at det får reelle følger for arealforvaltninga og forbruksmønsteret. All berekraft kviler på naturgrunnlaget, det er dette grunnlaget som må få betre vern.

Her kjem tiltaksplanar for villrein, «oppfølgingsplan for trua natur», «NOU 2024:2 I samspill med naturen» og mange andre inn. Det er viktig at ny kunnskap og nye planar som sikrar naturgrunnlaget raskt blir tatt inn i forvaltninga.

Me ser fram til å jobbe meir med planar som skal legge til rette for dagens og framtidias politikk ilag med fylkeskommunen.

Vennlig hilsen,

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

v/ koordinator Gunvar Mikkelsen

Bergen og Hordaland Turlag

v/ Dag Sandvik

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane

v/ koordinator Åsmund Nordgulen